



Vinje kommune
Vinjevegen 192
3890 VINJE

Saksbehandlar, innvalstelefon

Andreas Riis Fossnes, 33371209

Fråsegn - høyring - reguleringsplan - Vinje 99/3 - Storrlineset del 2 - planID 20210002

Vi viser til oversending frå Vinje kommune motteke 12.01.2026.

Saka gjeld

Saka gjeld høyring og offentleg ettersyn av forslag til detaljregulering av området Storrlineset del 2, gbnr. 99/3, på Vågslid i Vinje kommune. Planområdet er på ca. 440 daa. Hensikta med reguleringsplanen er å legge til rette for å utvide det eksisterande hyttefeltet på Storrlineset med ca. 65 tomter for fritidsbustader, mellombels masseuttak og dessutan tilhøyrande infrastruktur. Planlagt utbygging har omtrent same tettleik og utnyttingsgrad som tidlegare.

Planen erstattar delvis gjeldande reguleringsplan for Storrlineset av 31.01.2008 (planID 20080002). Området er i kommunedelplanen for Vågslid avsett til fritidsbusetnad, kombinert fritidsbusetnad og fritids-/turistformål og LNF-formål. Det er gjort konsekvensutgreiing av temaet naturmangfald.

Rolla til Statsforvaltarens fagavdelingar

Statsforvaltaren si miljøavdeling skal med heimel i plan- og bygningsloven § 3-2 sjå til at planar ikkje er i strid med nasjonale og viktige regionale interesser innan miljøvern, klima, landbruk, samfunnstryggleik, folkehelse og barn og unge sine interesser. Så lenge planen ikkje er i strid med nasjonale eller viktige regionale interesser, vil ikkje Statsforvaltaren ved miljøavdelinga fremje motsegn til planen.

For orden si skuld minner vi om at det er justis- og verjemålsavdelinga hos Statsforvaltaren som handsamar eventuelle klagar på kommunen sitt vedtak.

Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark og Vestfold og Telemark fylkeskommune inngjekk ein samarbeidsavtale 13. januar 2021. Avtalen er førebels vidareført med nye Telemark fylkeskommune og inneber at fylkeskommunen tar vare på interessene til barn og unge i reguleringsplanar også på vegne av Statsforvaltaren. Statsforvaltaren viser til vurderinga frå fylkeskommunen av interessene til barn og unge i fråsegn til planvarsel og planforslag. Avtalen avgrensar ikkje Statsforvaltaren sitt høve



til å fremje motsegn til planforslag som er i strid med vedteke nasjonale eller regionale mål, rammer og retningslinjer knytt til interessene til barn og unge.

Vurderingar frå Statsforvaltarens fagavdelingar

Villrein – sterkt fagleg råd

Vi viser til vår fråsegn til varsel om oppstart av planarbeidet 12.05.2021. Sidan vår fråsegn har det dei siste åra kome endå fleire og tydelege føringar og signal om kor viktig det er å ta omsyn til villreinen.

Vi viser til desse føringane i *Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023–2027*, den nye stortingsmeldinga Meld. St. 18 (2023–2024) *Ein forbetra tilstand for villrein, og Kvalitetsnorma for villrein*. Planområdet grensar både til Hardangervidda og til Setesdal Ryfylke villreinområde, og er såleis omfatta av både *Regional plan for Hardangervidda 2019–2035* og *Regional plan for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei (Heiplanen)*. Begge dei nasjonale villreinområda er vurderte til dårleg kvalitet etter *Kvalitetsnorma for villrein*.

Vi viser òg til naturmangfaldlova § 5 om varetaking av artar og deira økologiske funksjonsområde, og dessutan til §§ 8–12, jf. § 7. Her blir det mellom anna slått fast at utøving av offentleg mynde skal byggje på eit godt kunnskapsgrunnlag og føre-var-prinsippet, og at ein påverknad på eit økosystem skal vurderast ut frå samla belastning på økosystemet. Dessutan viser vi til rundskriv T-2/16 *Miljøforvaltningens innsigelsespraksis* (sist revidert 26.05.2025) i punkt 3.8 om artar.

Vi viser vidare til vårt [brev](#) av 12.05.2025 til kommunane, der vi klargjer forventningane til kunnskapsgrunnlaget om naturmangfald i arealplanlegginga. Brevet følgjer opp ei tydeleggjering av krava til vurdering av naturmangfaldet i ei avgjerd frå Kommunal- og distriktsdepartementet 22.10.2024 (vedtak om omgjering av Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark sitt klagevedtak 11. februar 2021, reguleringsplan for Bunestoppen), og ei uttale frå Sivilombodet 24.01.2025 (Mangelfullt kunnskapsgrunnlag og vurdering etter naturmangfaldlova – reguleringsplan for hytteutbygging i Sørskogen).

Vi viser òg til Statsforvaltaren sitt [brev](#) til kommunane datert 21.03.2025, og minner om at kommunen har eit sjølvstendig ansvar for å vurdere konsekvensane for naturmangfald etter prinsippa i naturmangfoldloven §§ 7-12. Dette inneber at avgjerda skal byggje på best tilgjengeleg kunnskap, at føre-var-prinsippet skal vektleggjast ved uvisse eller svakt kunnskapsgrunnlag, og at den samla belastninga på økosystema skal vurderast.

Planområdet ligg innanfor utbyggingssona i *Regional plan for Hardangervidda 2019–2035*, og samstundes ligg planområdet på det næraste omlag 850 meter frå nasjonalt villreinområde i *Regional plan for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei (Heiplanen)*. Målet for Hardangervidda og Setesdal Ryfylke villreinområde er både i kvalitetsnorma og stortingsmeldinga å forbetre tilstanden i områda, og det må difor leggjast stor vekt på å unngå alle tiltak som kan bidra til å forverre situasjonen. Store nye utbyggingstiltak er ikkje i tråd med dette målet, og med føringane som er gitt i kvalitetsnorma, stortingsmeldinga og Nasjonale forventningar. Dersom den negative utviklinga i villreinområda skal stoppast innan 2030, jf. stortingsmeldinga, krev det kraftfulle grep og høg terskel for nye inngrep i villreinområda. Regjeringa meiner mellom anna at det er nødvendig med ei heilskapleg og restriktiv arealforvaltning i villreinområdet, både i dei 24 villreinområda og i tilgrensande areal som påverkar villreinens bruk av områda.



Sjølv om det ikkje er direkte koplingar mellom planområdet og løypenettet i villreinområda, må det takast omsyn til den totale belastninga for villreinen, jf. naturmangfaldlova § 10. I tillegg må kanaliseringstiltak vurderast for å motverke auka ferdsel frå planområdet og inn i nasjonalt villreinområde.

Samla sett opnar nytt planforslag for 65 nye einingar, i tillegg til dei 50 tomtene som allereie er bygde innan planområdet. Dette gir eit samla tal på 115 einingar. Vi kan ikkje sjå at det følgjer ei særleg fagleg vurdering av dette talet opp mot ny kunnskap og nye nasjonale føringar for villrein. På bakgrunn av ny kunnskap og nye føringar må det gjerast ei vurdering utover dei vedtekne overordna planane. Det kan vi ikkje sjå er gjort. Det blir i hovudsak vist til at planforslaget er i tråd med Regional plan for Hardangervidda og kommunedelplan for Vågslid. Sidan desse vart vedtekne, har det kome ny kunnskap gjennom kvalitetsnorma og nye føringar gjennom mellom anna stortingsmeldinga og Nasjonale forventningar. Vi viser særleg til Nasjonale forventningar nr. 17, der regjeringa forventar at *«samfunns- og arealplanlegginga er basert på eit oppdatert og godt kunnskapsgrunnlag»*. Vidare står det at *«det er viktig at fylkeskommunane og kommunane legg stor vekt på resultatata frå klassifiseringa av villreinområda og arbeider aktivt for å oppnå kvalitetsmåla for dei nasjonale villreinområda»*.

Ut frå ny kunnskap og nasjonale føringar der målet er å forbetre tilstanden på Hardangervidda og Setesdal Ryfylke, vurderer vi at det blir lagt opp til for mange fritidsbustader, særleg i dei utvida delane av planområdet som ligg nærast villreinområdet. Ei slik utbygging vil leggje til rette for auka ferdsel inn i villreinområda. Det er vist til sti- og løypeplanen, som er under utarbeiding, men hovudtiltaket må vere å ikkje leggje til rette for større nye utbyggingar tilgrensande nasjonalt villreinområde. Det er allereie ei vesentleg ubygd tomterese i planen, og vi kan ikkje sjå at det er eit reelt behov for ytterlegare 65 hytter. Vi minner om at fritidsbustader ikkje er ei prioritert samfunnsinteresse, medan villrein er ein høgt prioritert nasjonal interesse, jf. ny stortingsmelding.

Med bakgrunn i ny kunnskap og nasjonale føringar må kommunen tenkje meir heilskapleg for Vågslid-området med omsyn til samla tal på fritidsbustad og samla belastning inn mot nasjonalt villreinområde. Vi gjer merksam på at det som blir bygd her, kan påverke kor mykje som er akseptabelt å byggje eller fortette på Vågslid totalt.

Vi har eit sterkt fagleg råd om å redusere talet på nye fritidsbustader. Vi gjer merksam på at vidare store nye utbyggingar nær villreinområdet kan bli vurderte annleis enn tidlegare med omsyn til samla belastning inn mot nasjonalt villreinområde.

Naturmangfald

Det er positivt at det er lagt inn omsynssone H560_2 og tilhøyrande føresegnar på punktet der det er registrert ein førekomst av den raudlista arten blanknål. Omsynssona er likevel svært avgrensa og omfattar berre eit lite område. For å ta vare på den nær trua arten på ein reell måte, bør omsynssona utvidast i plankartet slik at ho dekkjer heile det området som er sett av til friluftsmål, der arten er registrert.

Det er positivt at store furutre som skal bevarast er merkte i plankartet òg at det er lagt inn omsynssone og eigne føresegnar for å vareta myr- og våtmarksområde.

Forureining

Støy

Vi registrerer at det ikkje er innarbeidd generelle føresegnar om at *Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging* (T-1442) skal leggjast til grunn ved planlegging av ny støyfølsam bustad. Det er



berre gitt eksplisitte føresegner om støv for føresegnområde #1. Vi ber om at det blir innarbeidd ei generell føresegn som presiserer at grenseverdiane i T-1442 skal leggjast til grunn i heile planområdet, òg i anleggsfasen.

Støv

Vi registrerer at det ikkje er innarbeidd generelle føresegner som sikrar omsynet til støv i anleggsfasen. Det er berre gitt eksplisitte føresegner om støv for føresegnområde #1. Vi ber om at det blir teke inn ei generell føresegn for planområdet som sikrar at støvproblematikk i anleggsfasen blir handtert i samsvar med *Retningslinje for behandling av luftkvalitet i arealplanlegging (T-1520)*.

Massehandtering

Planen legg til rette for eit førebels massetak i føresegnområde #1 midt i planområdet, og massane skal herifrå nyttast til oppbygging av tomter og vegar internt i området. Kommunen må sikre at massane er i samsvar med forureiningsregelverket. Vi tilrår òg at planen tek tilstrekkeleg omsyn til landskap, naturverdiar, myr og vassmiljø ved oppfylling og terrengforming.

I føresegnområdet #1 blir det opna for etablering av knuseverk. Forureiningsforskrifta kapittel 30 kjem til bruk, då ho omfattar både mellombelse/mobile knuseverk og stasjonære anlegg som produserer pukk, grus, sand og singel. Eit mellombels eller mobilt knuseverk blir rekna som stasjonært dersom verksemda har gått føre seg på same stad i meir enn eitt år. Reglane kan ikkje omgåast ved å flytte knuseverket rundt innanfor planområdet eller ved å ta det ut av området i ein periode.

Forskrifta stiller krav til mellom anna skjerming, støvdempande tiltak, utslepp av støv og vatn, støv og liknande forhold. Krava må følgjast i sin heilskap. Knuseverk kan medføre utslepp av finstøv og støv som påverkar naboar, vassførekomst og dyre- og planteliv, inkludert fuglar og vilt. Knuseverk omfatta av kapittel 30 er meldepliktige til Statsforvaltaren, jf. vårt [meldeskjema](#) for knuseverk.

Om reguleringsføresegnene bør stille ytterlegare krav enn det forskrifta gjer, må kommunen vurdere konkret. Vi registrerer at det er satt føresegner som regulerer driftstid, men vi minner om at det òg kan vere formålstenleg å regulere, trafikk og transport, lysbruk eller andre forhold som ikkje er regulerte av forskrifta.

Vi viser òg til nytt punkt 3.5 om massehandtering i revidert rundskriv T-2/16 *Miljøforvaltningens innsigelsespraksis*. Der heiter det at motsegn skal vurderast når planforslag som opnar for større byggje- og anleggstiltak ikkje i nødvendig grad avklarar omfanget og vurderer moglegheita for attvinning av overskotsmassar, eller sikrar areal til handtering av massane. Det same gjeld dersom planforslaget inneber bruk eller flytting av massar som kan innehalde skadelege framande organismar, jf. forskrift om framande organismar § 24 fjerde ledd, og planen ikkje i tilstrekkeleg grad hindrar dette. Vi forventar at kommunen tar omsyn til dette før planen blir vedteken.

Med helsing

Lene Ottersen
fungerande plansjef

Andreas Riis Fossnes
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent



Kopi til:

Telemark fylkeskommune	Postboks 2844	3702	SKIEN
Statens vegvesen - Transport og samfunn	Postboks 1010 Nordre Ål	2605	LILLEHAMMER
Mattilsynet	Postboks 383	2381	BRUMUNDDAL
Norges vassdrags- og energidirektorat	Postboks 5091 Majorstua	0301	OSLO
Villreinnemnda for Hardangerviddaområdet			
Villreinnemnda for Setesdalsområdet			